



Nærings- og fiskeridepartementet
Fiskeri- og havbruksavdelinga
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo
postmottak@nfd.dep.no

Deres ref: 14/6310-1

Vår ref: 14/39592

1. oktober 2014

HØYRINGSSVAR: FORSKRIFT OM AUKE AV MAKSIMALT TILLATEN BIOMASSE – AKVAKULTUR, LAKSEFISK

Veterinærinstituttet har fått forskrift om auke av maksimalt tillaten biomasse for løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure til høyring. Forskrifta legg opp til at etablerte aktørar kan auke produksjonen utover gjeldande produksjonsgrenser på vilkår av at talet på lus og medikamentelle lusebehandingar vert halde på eit lågt nivå.

Veterinærinstituttet er positive til at ein eventuell auke i MTB er knytt til kontroll med lakselus, og at det overordna målet synes å vere redusert legemiddelbruk og auka bruk av ikkje-medikamentelle metodar. Lakselus er i dag ein av dei viktigaste miljøutfordringane for havbruksnæringa, og problemet må komme under kontroll for at næringa skal kunne vekse vidare på ein bærekraftig måte.

Ein kapasitetsauke vil føre til auke i tetthet av fisk i produksjonen, som kan gje høgare smittepress av lakselus som må handterast av effektive tiltak. Oppdrettsnæringa er i dag i ein situasjon der lakselus viser vesentleg utvikling av resistens mot tilgjengelege legemiddel. Det er heilt nødvendig med ein tilrettelegging som verkar med til ein total endring i strategiane mot lakselus. Ein endring i strategi vil kræve hovudvekt på bruk av nye ikkje-medikamentelle metodar mot lakselus, men berre eit fåtal av nye metodar er kommersielt tilgjengelege og/eller kan tas i bruk i dag.

Veterinærinstituttet vil peke på to moment som gjer at kriteria som vert sette i § 7 vil vere umoglege å handtere i 2015;

1. Krav om færre enn 0,1 vaksne holus i snitt heile tida

Med den tellemetodikken som nå vert nytta, så vert lakselus tella på eit lite utval med fisk per lokalitet for å gje eit gjennomsnitt på tal av lus i heile mengda av fisk på lokaliteten. Når særleg låge lusetal, som 0,1 vaksne holus skal reknast ut for heile lokaliteten, utifrå telte lus på ei lita mengd fisk, så vil gjennomsnittstalet for heile lokaliteten ha stor usikkerheit. Den store telleusikkerheita gjer at det ikkje er mogeleg å dokumentere at det er færre enn 0,1 vaksne lus med den tellemetoden som nå vert nytta.

Forskning er i gang for å utvikle modellverktøy, som på ein sikrere måte enn dagens teljingar, skal halde kontroll på mengda lus på anleggsnivå. I tillegg er metodar for automatiske teljingar med bildediagnostikk under utvikling. Resultat som kan medverke til implementering av ein sikrere kontroll med talet lakselus på lokalitetsnivå kan ikkje ventast i 2015.

2. Krav om maksimalt to medikamentelle behandlingar per produksjonssyklus

Dette kravet fører med seg bruk av tiltak mot lakselus med hovudvekt på ikkje-medikamentelle metodar. Det er få metodar kommersielt tilgjengeleg i 2014, nokre nye ventast i 2015, og andre truleg seinare. Effekten av nye ikkje-medikamentelle metodar vil være varierende utifrå lokale forhold og erfaringar med bruk. Erfaringar frå bruk av ikkje-medikamentelle metodar mot skadedyr i landbruket tyder på at ein ikkje kan forvente at effekten av alternative metodar mot lakselus kan likestillast med effekten av effektive legemiddel. Ein må rekne med at de enkelte ulike ikkje-medikamentelle tiltaka ikkje gir god nok effekt aleine, men at fleire metodar må nyttast i kombinasjon for å oppnå tilstrekkeleg kontroll over lusepopulasjonen. Ein slik optimal kontroll kan ein fyrst oppnå etter at erfaringar er etablerte med bruk av ulike tiltak med lokale tilpassingar. Dei få ikkje-medikamentelle tiltaka som er tilgjengelege er ikkje i særleg grad i bruk i 2014, med unntak av rensefisk, og det kan ikkje ventast at optimale, samansette, ikkje-medikamentell kontrollstrategiar vil vere operative i 2015.

På grunn av desse to forholda vil Veterinærinstituttet foreslå at forskrifta om kapasitetsauke ikkje vert gjennomført i 2015. I staden bør produksjonsgrenser knytt til lusetal arbeidast inn i ei ny melding til Stortinget om vidare vekst for havbruksnæringa. Ei slik stortingsmelding bør også inkludere behovet for andre indikatorar for god fiskehelse.

Med vennlig helsing
Veterinærinstituttet



Jorun Jarp
Avdelingsdirektør



Atle Lillehaug
Fagansvarlig fiskehelse